

## ■ DET SKJER

### Lindås

**Strikkekafe i Ostereidet kyrkje**  
tysdag 24. januar om kvelden.  
Ord for kvelden, mat og prat.  
Velkommen med og utan handarbeid.  
**Nabotreffet i Strilatun**  
Onsdag 25. januar til vanleg tid. Ord for dagen. Johannes Rydland viser biletet frå gammal tid. Song og musikk. Mat og kaffi. Alle velkomne.

**Lindås pensjonistlag**  
minner om medlemsmøte torsdag 26. januar 2017 på Westland til vanleg tid. Musikk og underhaldning - programinnslag v/ Paulsen og Ingvald Bastesen. Sosialt samvær, mat og kaffi. Det vert Bingo denne gongen.  
Vel møtt – Helsing styret.

**Pensjonisttreff**  
i Ostereidet kyrkje torsdag 26. januar til vanleg tid. Espen Ingebrigtsen kåserer om arbeidet til Sjømannsmisjonen. Mat og kaffi. Utlodding. Ord for kvelden.  
Arr: Osterfjorden Pensjonistlag.

**Lindås bedehus**  
Velkommen til møte tirsdag 24. onsdag 25. og torsdag 26. januar om kvelden.  
Talar vert Odd Einar Stensland, NLM. Emne for

kveldene vert frå 2. Peters brev.

**Fredtun, Eknes**  
Torsdag 26. er det Torsdagstreff på bedehuset. Fredag 27. er det Fredagsklubb for dei i 5.-8.klasse. Søndag 29. Storsamling for heile familien. Christian Skoge har andakt. Kveldsmat og prat.  
Facebook: Krio-Kristen i Osterfjorden. Velkommen i Krio Fellesskapet.

**Bedehuset på Fosse, Alversund:**

Velkommen til STRIKKEKAFE onsdag 25. jan, føremiddag!  
Torsdag 26. jan; Velkommen til bibelsamling i bedehuset om kvelden.

**Midtgård bedehus, Leknes**

Tirsdag 24. januar er det medlemsmøte med gjennomgang av resultat frå spørreundersøkelsen, Naturlig Menighetsutvikling.  
Søndag 29. januar er det kveldsmøte.

**Hjarteleg velkommen!**

**Misjonskyrkja Lindås**

Det blir Åpen Hall i Lindåshallen fredag til vanlig tid. Det blir leik og morro, konkurransar, andakt og ellers mye sosialt.  
Aldersgrense 8. klasse og oppover.

**Misjonskyrkja Lindås**  
har Møte søndag føre-

middag 2. etg i Kiwi-bygget.

Tore Nygaard talar i møtet for dei vaksne.  
Eiga barnekyrkje for born frå 4 år og oppover under møtet. Nytt av året er at dei minste borna får eit tilrettelagt tilbod under møtet.  
Du er hjarteleg velkommen.

**Eben Eser Famnestad**

Torsdag 26/1: Bønnemøte om kvelden  
Søndag 29/1: Formiddagsmøte. Øystein Rong taler.

**Anonyme Alkoholikere**

har møte i Nordhordland kvar onsdag om kvelden. Nærare opplysningar, kontakt AA sin kontakttelefon.

**LHL Lindås**

Har lunge- og hjertetrim på Lindås ungdomsskule onsdag til vanleg tid.

**Meland**

**Meland Jazzkafé**  
Vi starter Meland Jazzkafé-året fredag 27. januar på Nordgardsløa med gjestene BATS.

«Lyriske, melodiøse linjer kombinert med rytmisk lekenhet, improvisasjon - og dynamikk, fra det sarte til det intense og gruvete.»  
Vel møtt!

**Møte i Nordavinden**

(Husebø bedehus) ved

Roald Evensen tirsdag 24. januar til vanleg tid.  
Velkommen!

**Meland Pensjonistkor**  
minner om øving tysdag 24. januar tidleg ettermiddag. Me ønsker nye medlemmer spesielt velkomne til trivelege songstunder!!

**STIM**

Det blir STIM som vanleg torsdagkveld 26.jan. på Eldresenteret. Kulturinnslag, bingo, mat og svingsom til levande musikk ved Otto. Velkomne!

**Betel Moldekleiv**

Torsdag kveld: Bibel og bønn. Fredag kveld: BTK. Søndag formiddag: Gudssteneste. Helene Lekva Hamar taler. Nattverd.

**Møteplassen**

Annakvar mandag i partalsveker blir det bønnefrukost. Ta med nistepakke, det vert servering av kaffi og te.  
Norskurs: Måndag på kvelden. Ingen påmelding. Gratis kurs. Moglegheit for leksehjelp for dei som går på norskurs på dagtid.  
Internasjonal kafé måndag etter norskkurset. Bøn kvar tysdag morgen. Babysang og småbarnstreff (0-2 år m foreldre) tysdag på formiddagen. Open Møteplass. Kafe/treff for deg som er heime

om dagen. Kaffi, vaflar, aviser, prat. Mandag, onsdag, torsdag på formiddagen. Inviter gjerne med deg ein kjenning og kom! Arr. Meland sokneråd

**Masfjorden**

**Masfjordsprettens**  
har seniordansøving på Matre torsdagar. Velkomne.

**Radøy**

**Hella bedehus**  
Velkommen til song- og musikkmøte onsdag 25. januar til vanleg tid.

**Kveldsmøte**  
Torsdag kveld: Bibel og bønn. Fredag kveld: BTK. Søndag formiddag: Gudssteneste. Helene Lekva Hamar taler. Nattverd.

**Tysdagstreff**  
i Sæbø kyrkje 24. januar til vanleg tid.

**Tapas, song og tema ved Marianne**  
Arr. Radøy sokn

**Manger kyrkje**

Aviskilsgudsteneste søndag 29. januar for Marianne Støylen Skauge. Samling/fest etter gudsstenesta med helsingar og servering.

**Hella skulestove**

Brukbutikken til Håp og Framtid er open laurdagar, og ellers etter avtale.

**Hella Bedehus**

Odd Eivind Stensland held møte fredag 27. jan. til vanleg møtetid, laurdag 28. jan. om ettermid-

dagen og søndag 29. jan. til vanleg møtetid. Enkel bevertning på alle møta.

**Austrheim**

**Lindåsneset pensjonistlag**

har møte i Lervåg bedehus i dag til vanleg tid. Vi tar ein roleg start på det nye året. Diverse saker. God mat og kaffi. Åresal. Velkommen.

**Litlås bedehus**

Formiddagstreff torsdag 26. januar.

Dagens gjest er Cecilie Skår. Det vert andakt, song og musikk, god mat, utlodning og gjerne ein konkurranse.

Ver med oss denne formiddagen!

**Seniordansen i Austrheim**

på seniorsenteret torsdag til vanleg tid. Me ønsker nye og gamle medlemer velkomne.

**Bruktbutikken ved Fonnes senter**

Mykje fine ting. Opningstid tysdag og fredag midt på dagen.

**Gulen**

**Gulen seniordans**

Dalsøra samfundshus 25.01 til vanleg tid.

Ynskjer nye og gamle medl. velkommen til glad-dansen. Årsmøte etter dansen.

# Unikt kulturhistorisk landskap

**Den Indre Farleia i Nordhordland er ein av ni kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland.**

Av Stig Elliott  
stig@strilen.no

Området er utpeika av Riksantikvaren i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og kommunane.

Hordaland og Østfold er dei første fylka i landet som har laga slik oversikt. Dei andre fylka i landet skal etter kvart lage same oversikt i samarbeid med Riksantikvaren.

– Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse vil vere eit register som skal bidra til god forvaltning av dei norske landskapa vi alle er så stolte av. I rapporten med dei ni utvalde kulturlandskap i Hordaland, vil ein finne grunngjeving for kvifor områda har nasjonal interesse, seier konstituert fylkeskonservator i Hordaland, David Aasen Sandved.

### Ni område

I Hordaland er desse ni områda med i registeret over kulturhis-

torisk landskap av nasjonal interesse:


- Den Indre Farleia i Austrheim, Lindås og Radøy kommunar
- Byfjellene i Bergen kommune
- Fitjarøyane i Fitjar og Bømlo kommunar
- Søre Bømlo – Hespriholmen i Bømlo kommune
- Etne i Etne kommune
- Rosendal i Kvinnherad kommune
- Indre Sørfjorden i Odda kommune
- Ytre Sørfjorden i Ullensvang herad
- Eidfjord i Eidfjord kommune

### God forvaltning

Fylkeskonservatoren peikar på at registeret i seg sjølv ikkje gjev noko formelt vern.

– Men rapportane peiker på verdiane som skal forvaltast, sårbarheit og dei gjev retningslinjer for ei god forvaltning av dei unike landskapa. Såleis håpar vi at rapporten vil effektivisere arealplanlegginga ved å skape meir føreseielege rammer, slik at dei neste generasjonane og kan få glede og nytte av dei flottaste kulturlandskapa i Hordaland, seier konstituert fylkeskonservator i Hordaland, David Aasen Sandved.

Arbeidet med å lage registeret starta i 2013 etter initiativ frå



**STOR VERDI:** Lindåsslusene er ein del av farleia som no blir karakterisert som «av nasjonal interesse».

Foto: Arkiv

klima- og miljødepartementet. I forprosjektet samarbeidde Hordaland fylkeskommune med Riksantikvaren og kommunane i fylket. Ein rapport om arbeidet og dei ni områda i Hordaland er no lagt fram.

### Kunnskapsgrunnlag

Riksantikvaren vil med registeret gjere klart kva landskap det knyter seg nasjonale interes-

ser til, kva desse er, og korleis dei bør ivaretakast. Registeret skal bidra til ei god forvalting av landskapet. Det skal vere eit kunnskapsgrunnlag og eit forvaltingsverktøy for kommunane og andre styresmakter som påverkar og styrer arealutviklinga. Føremålet er at kulturminneforvaltinga med dette seier frå tidleg og tydeleg kva som er av nasjonal interesse og slik bidreg

til ei meir føreseielege arealplanlegging og forvalting av desse landskapa.

Hordaland og Østfold er dei to første fylka som er ferdig med arbeidet. Troms og Oppland er i gang, og fleire andre fylke skal kome i gang i år. I 2020 skal heile landet vere med i oversikten over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.